

# STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmar  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 28.01.2024  
**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Christiansen  
**SAKA GJELD:** Rapport «Fødekapasitet på Vestlandet»

**ARKIVSAK** 2023/238  
**STYRESAK** 017/23

**STYREMØTE** 13.02. 2024

---

## FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar rapporten til etterretning.
2. Styret legg til grunn at rapporten og kunnskapsgrunnlaget som nå er etablert beskriv viktige tiltak som skal bidra til å sikre robuste og stabile fagmiljø innan fødekapasiteten på Vestlandet.
3. Styret ber administrerende direktør sørge for at rapporten blir følgt opp og at tiltaka blir gjennomført, regionalt i fellesskap for det som kan vere felles og at det som blir lokale tiltak blir gjennomført i kvart av føretaka. Styret ber om å bli haldne orientert om framdrifta for arbeidet.
4. Styret ber føretaka legge fram rapporten for sine respektive styre.

## Bakgrunn


Spesialisthelsetenesta på Vestlandet skal tilby trygge tenester for svangerskap, fødsel og barsel. Det er nødvendig å behalde, utvikle og rekruttere kvalifiserte medarbeidarar til føde- og barseleiningar i føretaksgruppa Helse Vest, for å oppretthalde eit fødetilbod av høg kvalitet.

Riksrevisjonen har ved fleire anledningar påpeika at leiarar for jordmødrer opplever at det er utfordrande å behalde og rekruttere jordmødrer. Kommunane har over nokre år bygd opp sin jordmorkapasitet, og har i stor grad rekruttert erfarne jordmødrer frå helseføretaka.

Formålet med arbeidet med denne rapporten har vært å gi innsikt i dagens fødetilbod, og å etablere tiltak som skal bidra til å sikre fagleg kapasitet ved føde- og barseleiningar i Helse Vest.

Det har vore eit godt samarbeid med helseføretaka, og det har vore god involvering av dyktige faglege ressursar, leiarar og tillitsvalte i fagmiljøa. Medverknaden frå fagmiljøa har vært avgjerande for arbeidet. Arbeidet har utfordra og skapt ein dialog om tiltak, moglegheiter for kva som kan bidra for nå dei overordna måla som er etablert i arbeidet.

Denne rapporten er eit av fleire kunnskapsgrunnlag som har nytta same metodikk.




## Vurdering

I arbeidet har prosjektet utforska moglege tiltak gjennom tre framtidsscenario:

1. Digitale tenester støtter arbeidsprosessar for helsepersonell
2. Fast tilsette i fulle stillingar gir gode fagmiljø og godt arbeidsmiljø
3. God oppgåvedeling og tett samarbeid reduserer sårbarheit


Arbeidet har peika på fleire tiltak som må gjennomførast. Nokre av tiltaka kan gjennomførast i fellesskap, og andre føreset gjennomføring i kvart av helseføretaka. Det er viktig at medarbeidarar ved kvar enkelt føde- og barseleining får ta del i det vidare arbeidet, og at einingane får rom til å tilpasse tiltaka til den enkelte eining. Samtidig er det stor verdi for einingane å lære og bli inspirert av kvarandre, uavhengig av størrelse og geografi.




*1: Prosjektet har peika på syv tiltak som skal bidra til å sikre berekraftig fødekapasitet på Vestlandet*

Dersom ein ikkje lykkast med å ta tak i og følgje opp tiltaka, vil det bli utfordrande å oppretthalde ein robust og berekraftig fødekapasitet på Vestlandet. Det er avgjerande å behalde og utvikle medarbeidarar som opprettheld gode fagmiljø, og som bygger opp under rekruttering av dyktige nye medarbeidarar, for å framleis gi føreseielege pasientforløp, og eit godt og trygt fødetilbud på Vestlandet.

Scenario 0: Utviklingen gitt at dagens nivå av turnover, oppgavedeling, stillingsprosent, fravær og utdanningskapasitet legges til grunn



Dette syner tydeleg behov for tiltak. Tiltaka som går fram av rapporten vil kunne bidra til at det blir tilnærma tilstrekkeleg fagleg kapasitet sjå figur 8 nedanfor.



## **Vidare prosess**

Styret føreset at helseføretaka legg fram rapporten med vedlegg for sine respektive styre. I tillegg føreset styret at det blir avklart kva tiltak som eignar seg for regional samordning og samarbeid og kva tiltak føretaka gjennomfører lokalt.

## Vedlegg

1. Rapport - Bærekraftig utvikling for fødekapasitet på Vestlandet
2. Kartlegging
3. Resultat frå helseføretaka
4. Scenariohistorier